

## **Følgjebrev til elevar som skal sjå «Vestland, Vestland» i Den Kulturelle Skulesekken.**

**Ann Gyda Hestehås** – Basert på Anne Gine Hestetun, fylkesordførar i tidlegare Hordaland fylke frå 2015-2019.

**Sylfest Lomheim** - Sylfest Lomheim er ein norsk språkvitar, omsetjar og debattant. Han er professor i norsk og omsetjing ved Universitetet i Agder og var i perioden 2004–2010 den første direktøren for Språkrådet, statens kompetansesenter i språkspørsmål. Lomheim har og vore statssekretær i Barne- og familiedepartementet.

**Fylkesmannen** er regjeringas næraste representant i fylket og skal overvake at Stortingets og regjeringa sine vedtak blir gjennomført, først og fremst gjennom kommunane og fylkeskommunane si verksemd. Videre skal fylkesmannen behandle og avgjere dei saker som ved lov eller anna avgjerd er lagt under embetet.

**Fylkesordførar**, ordførar for ein fylkeskommune. Ordninga med eigen ordførar for fylkeskommunen vart innført 1964. Gjeremåla svara stort sett til dei ordførarane har i by- og heradskommunar. Fylkesordføraren leier fylkestingets og fylkesutvalet møter.

**Fylkesmannen i Vestland - Lars Sponheim** er ein norsk politiskar og tidlegare leiar av partiet Venstre, tidlegare stortingsrepresentant for Hordaland fylkeskommune. Tidlegare nærings- og handelsminister og landbruksminister i «Bondevik 2» regjeringa. Han var frå 1. juni 2010 fylkesmann i Hordaland. Frå 1.januar 2019 er han fylkesmann for nye Vestland fylke.

**Nikolai Astrup** - Nikolai Johannes Astrup var ein norsk malar, teiknar og grafiskar. Han er ein av dei mest serpregande biletkunstnarar i norsk kunsthistorie og var i lag med Edvard Munch ein vesentleg fornyar av grafikk i Norge. Astrup er kjent for sine landskaps- og naturbilete frå Jølster i Vestland fylke.

**Jakob Sande** - Jakob Sande var ein norsk forfattar frå Dale i Sunnfjord. Han gav i si levetid ut ti diktsamlingar og tre novellesamlingar. Mange av dikta hans vart tonesett og blei populære viser. Sande blei ein folkekjær diktar i løpet av si karriere, og fleire av dikta er framleis svært populære.

**Gjest Bårdsen** - Gjest Bårdsen var ein norsk forbryter og forfattar frå Sogndalsfjøra i Sogndal. Han er kjent for sine mange rømmingar frå arresten. Det verserer mange historier, myter og forteljingar om Bårdsen, om hans reiser og gjerningar. I 1827 ble han dømt til livsvarig straffarbeid og hensatt i Akershus slott.

**Tarjei Vesaas** - Tarjei Vesaas var ein norsk forfattar som gav ut mange romanar, noveller, dikt og skodespel. Hans forfattarskap pregast delvis av modernisme, og hans romanar er og utgitt utanlands. Han skreiv på nynorsk. Vesaas skreiv dikt og dramatikk, men var først og fremst kjent for sine romanar og noveller.